



Fotlandsvåg Grendaråd v/ Laila Vatne

Dato: 21.04.2015
Vår ref.: 2015/65-57
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.:

Avslag på søknad om tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2015

Det vert vist til dykkar søknad med frist 15.02.2015 til Hordaland fylkeskommune, om tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsama saka i møte 16.4.2015 – søknaden fekk dessverre avslag.

Grunngjeving

For 2015 er det kr 900.000 til fordeling. Det kom inn 30 søknader med ein samla godkjent søknadssum på kr 1.674.270. Tildelinga er sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Ved avgjerda av dykkar sak har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Kultur- og ressursutvalet fant ikkje at dei vedtekne vilkåra for tildeling er oppfylte og at dykkar tiltak, etter ein samla skjønsmessig vurdering, ikkje vert tilgodesett.

Utstyr til treningsrom er ikkje støtteberettiga under denne tilskotsordninga.

Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak er lagt ved.

Klage/partsinnsyn

Vedtaket kan påklagast i medhald av forvaltningslova § 28. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans for vedtak knytt til midlar løyvd frå Hordaland fylkeskommune. Klage vert sendt til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga. Klagefrist er tre veker frå søker mottok melding om vedtaket. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Har de spørsmål kan de kontakte Hanne Espe på epost hanne.espe@hfk.no eller tlf. 55 23 91 78

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Med vennleg helsing

Anna Elisa Tryti
Avdelingsdirektør Kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Osterøy kommune

Vedlegg

1 Tilskot til fysisk aktivitet og idrett for barn og unge 2015